

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV MARS 2006.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00
Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset
Visepres.: Hans Gisle Holstad
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: Ingar Bigset
Styremedlem: Aage Nytnun
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Leiar ungdoms
utveksling: John Stennes
Ansv. Red.: Sverre Bjåstad
Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdager i mars:

Svein Johs Flø	01.03
Jarle Klungsøy	26.03

100% frammøte mars: 2006:

Johan O Brandal	Halkjell Dahle
Arne Grimstad	Hans G. Holstad
Jarle Kristiansen	Vigdis Riise
Jan Håvard Nytnun	Ågot Riise
Arve R Røyset	John Stennes
Trygve Riise	

Frammøteprosent:

GRASET GROR

Merkeleg med livet
Merkeleg som graset gror

Om nokre år
vil slaga om skulen vere
tørre blad
i lekselelitne historiebøker.
Blad som eleven les
medan læraren pirkar negler,
eller kikar på armbandsuret.

Skulestruktur betyr ingen ting,
orda og tårene betyr ingen ting,
tre hundre slagne betyr heller
ingen ting
når to unge kysser kvarandre
ved porten ein vårveld.

Merkeleg med livet.
Merkeleg som graset gror.

Fritt ved -hgh-

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – mars 2006

Referent: Hans Gisle Holstad

Møte 06. mars

Etter innleiande song og korte infoar frå president Arve Richard **Røyseth**, fekk dagens foredragshaldar ordet.

Tema: **MATTILSYNET**.

Veterinær **Lars Omenås**, no tilsett i det nye mattilsynet, orienterte både om den nye omorganiseringa som Statens næringsmiddeltilsyn hadde vore gjennom, der dei har fått tillagt seg ei rad nye tilsyn og omfattande andre oppgåver, - og vorte kalla, **Mattilsynet**.

Og nokre av dei nye oppgåvene og arbeidsfelta streifa han innom: Direktorat og tilsyn m.o.t Veterinærmedisin, Landbruk, Kosthald. Mattilsynet er statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel, -altså svært omfattande.

Dei held til, - i vårt område, - i Dragsund. – Han var innom fugleinfluensaen, og om infoen dei var pålagde frå offentlege styresmakter både om mat og drikke(vatn), - og ikkje minst overvakinga av alggifter i blåskjel og masse kosthaldsråd og m.a. om gravide og personar som ammar og forholdet deira til blåkveite som mat.

Interessant foredrag om eit nytt samansett område.

Og spørsmål og svar til slutt, var det og.

Møte 13. mars

Dette møtet var avsett til ein av våre nyaste medlemar med sitt egoforedrag.

Desse foredraga er viktige for oss andre medlemar for å gjere oss godt kjende med dei nye medlemane.

Jarle Kristiansen vart fødd på Reinøya i Troms. Han, saman med familien, flytta til Spjelkavik i 1956; 3-4 år gammal. Far hans fekk arbeid der i firmaet Br. Foss.

Barneåra og ungdomsåra vaks han såleis opp i Spjelkavik og var elev ved Spjelkavik skole. Seinare vart det ingeniørhøgskule i Ålesund før han gjennomførte militærtjeneste.

I det militære utdanna han seg til ABC soldat. Restplikttida gjorde han i heimevernet i Hareid/Ulstein, der han var lagfører, troppssjef og PI-leiar etter m.a.

å ha gjennomført sprengingskurs.

Kona **Berit** traff han så tidleg som på framhaldsskulen inne i "Vika".

Jarle orienterte vidare om ei omfattande yrkeskarriere.

Ingeniørkontoret Chr.Grønner i Oslo fekk først nytte av han. Deretter Spennbetong i Hjørungavåg som han arbeidde hos mellom 1976 og 1982.

Seinare ABU-betong i Ålesund (2 år) før han prøvde seg som sjølvstendig næringsdrivande fram til 1997. Frå 97 og fram til 2005 har han vore tilsett hos TEKNOS Norge med delvis heimekontor.

Dei siste åra har han vore tilsett hos firmaet IFAS, også no gjennom ei heimekontorordning.

Han avslutta foredraget sitt med noko så spennande som å fortelje om **paragliding** som var hans store hobby, både om spennande opplevingar og viktigheita av rutinar.

Song og musikk og ikkje minst **jakt** var også gode hobbyar som han kosa seg med.

Møte 20. mars

Dette var Intercitymøte på Kjeldsund. Klubbane frå Herøy, Ulstein og Hareid var samla der til eit interessant foredrag av **Robert Voldnes**.

Temaet var etikk i arbeidslivet. Robert Voldnes arbeider delvis på BI i Ålesund der han m.a. underviser i dette temaet for yngre studentar.

Han kasta lys over temaet med ei rekke eksempel som vi er kjende med frå media der, ein i det minste, - så langt vi veit det, - i aller høgste grad kan stille spørsmål om vanleg god arbeids- og bedriftsetikk har vore rådande.

Etter foredraget var det spørsmålsrunde.

Frå Hareid Rotary kunne det ha vore større frammøte, - men det kunne det også vore frå dei andre klubbane.

Men foredraget var interessant. Burde det gjentakast i vår klubb sidan dette med etikk og arbeidsliv er i fokus i våre dagar, - og sidan Rotary fokuserer på dette temaet.

Møte 27. mars

Eigentleg var dette eit programfritt møte. Men sidan den påtroppande presidenten, **H.G.Holstad**, - skulle møte til PETS, -førebudd, - måtte temaet om ny organisasjonsplan i Rotary takast opp i dette møtet.

Rotary, som organisasjon, - over heile verda skal i dei neste to åra gjennom ei organisasjonsutvikling der m.a. komitearbeidet er tenkt endra noko (sjå vedlegg, som er forslag til ny organisering av klubbane)

I løpet av to år skal den nye organiseringa vere unnagjort. Men den nye distriktsguvenøren, **Per Ottesen**, - ynskjer at klubbane snarast kjem i gang med drøftingar og utarbeider forslag, slik at ein i det komande året, 06/07, kan prøve ny organisering,--- og ev. få justert på organiseringa i rotaryåret 07/08.

På dette møtet vart medlemane sett i grupper der dei kom fram til forslag på innhald/funksjonsoppgåver i den overordna komitestrukturen som er foreslått slik:

Komite for **MEDLEMSSKAP**, for **PROSJEKT**, for **PR**, for **ROTARY FOUNDATION** og for **ADMINISTRASJON**. (sjå vedlegg)